

## STORTINGSMELDING VILLREIN

[postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no)

**Kontaktutvalet for Reinlaga**

**15 05 2023**

**V/Dag Inge Bakke**

**Kvernvegen 37**

**2680 VÅGA**

Vi vart fyrst klar over denne høyringa og moglegheita vi har for å koma med innspel til via sosiale media. Meiner det er både påfallande og spesielt at vi som driv og har drevet med reindrift, som grensar til fleire villreinområde, ikkje blir invitert til denne høyringa.

Sender uansett eit kort innspel frå kontaktutvalet for reinlaga. Vi meiner at vi sit på ein del viktig kunnskap og kompetanse som kan være viktig, om målet er å skapa ein meir robust villrein i Norge.

### **Villreinen i Norge slit med fleire negative utfordringar:**

- A) Generell dårleg helse/kondisjon.
- B) Uheldig avl. Over tid, så har moderne gjeve dei mest sky, og dels dei minste reinane ein fordel.
- C) Gevirnaging spesielt hos simlene. (Er dette skapt av stress?)
- D) Dårlege kalvetal og låge vekter.
- E) CWD i to villreinområde – og den enorme trusselen som fylgjer her. (Kontaktutvalet er spesielt bekymra for at enkelte instansar og personar som har med forvaltninga av villrein, ikkje har teke innover seg den alvorsgraden denne sjukdommen medfører.)
- F) Utnytting av beiteareal. Sjølv om det i mange av villreinområda inngår svært gode beiter, bruker ikkje reinen desse. Spesielt randsonene blir dårleg utnytta.
- G) Kunn jegerforvaltning.
- H) Enkelte områder manglar sesongtilpassa beite, og klimatilhøva kan enkelte år skapa store problem, med negativ produksjon som følge. Ref.; Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen som døme.

### **Positivt for Villreinen:**

- A) Generelt lite rovdyr i villreinområder. Dårleg kondisjon vil uansett føre til auka tap, og slik sett betre forhold for rovdyra igjen

B) God ressurstilgang. Villreinen er prioritert, og ein ser at myndigheita er villige til å bruke mykje ressursar inn i forvaltinga. (Villreinnemnd, utval, fjellstyre, SNO, Statsforvaltaren, Miljødirektoratet, Forskingsinstituttisjonar, Mattilsynet med fleire.)

C) Generelt gode beiter innafor dei aller fleste villreinområda. Ref.; Hardangervidda, Dovrefjell, Ottadalen som døme.

D) Generelt ein byggestopp i villreinområda. Det er politisk vilje for å stoppe utbygging av infrastruktur/reiseliv innanfor villreinområda.

**Ser ein på dagens situasjon, så er det ingen tvil om at villreinen har store utfordringar. Veg ein opp det positive opp mot det negative, så finnes det likevel gode moglegheiter for å snu den negative utviklinga, men da må kompetanse og kunnskap utnyttast godt.**

INNSPILL TILTAK (Med mål om ein meir robust villreinstamme i Norge).

- Bruke den kunnskap og kompetanse som finnes kring dyret rein. Her må ein ta i bruk både teoretisk og praktisk kunnskap.
- Det må vera lov å sette fokus på avl. Til dømes spare dei dyra som beiter i ytterkantane og som utnyttar beitearealet best. Jobbe mot større avskyting av dei reinane som er mest skye og held seg oppe i steinrøysene. Finne eit system som premierar uttak av dyr som er små, gamle eller generelt er i dårleg hald.
- Vurdere om profesjonelle jegerar skal ta ein større del i jakta, med meir målretta avskyting.
- Gjerne også vurdere ei målretta driving/flytting av reinen mellom årstidsbeiter (utnytting av beite), der ein ser at gamle trekk har oppheva.
- Ta vare på dei reinane som er minst stressa av infrastruktur/folk.
- Ta på alvor sjukdommen CWD, før det er for seint!
- Enkelte områder burde ein vurdere å avslutte villrein. Jamfør dyrevelferd/produksjon.

Meg vennlig hilsen

Kontaktutvalet for reinlaga

Leder, Dag Inge Bakke